# Forslag til arbeidsprogram 2022

| Mål | Tiltak |
|---|---|
| Stimulere til meir aktivitet i lokallaga | ☐ Styret besøker alle lokallaga gjennom "Kaffidrøs"<br>☐ Vidareformidle informasjon om relevante lokale og regionale arrangement på heimeside, e-post og facebook<br>☐ Oppmode lokallaga om å søkje frifond<br>☐ Støtte lokal aktivitet økonomisk gjennom ordninga "Aktivitetsstønad"<br>☐ Tilby lokallaga kulturprogram gjennom prosjektet RU-kulturformidling<br>☐ Oppmode til feiring av Frivillighetens år |
| Auke medlemstalet med minst 50 medlemmar | ☐ Formidle tips og verktøy for rekruttering<br>☐ Synleggjere fordelane ved å bli medlem i NU<br>☐ Følge opp alle lokallag i forhold til oppdatering av medlemsliste |
| Rekruttere minst eitt nytt lokallag | ☐ Styret tek kontakt med aktuelle lag<br>☐ Invitere lag som ikkje er medlem i NU til kurs |
| Opplæring og kompetanseheving i folkedans/folkemusikk, teater, bunad og organisasjonsarbeid. | ☐ Vidareføre samarbeidet med Lise K. Meling for å tilby undervisning i langeleik<br>☐ Tilby reisestøtte til ungdom som vil delta på Sommarleir i NU<br>☐ Vidareføre samarbeidsavtalen om Sommarteaterskule i Sandeid<br>☐ Delta på Fagdagen i bunad og folkedrakt<br>☐ Bunadnemnda arrangerer kurs i å sy kvinne- og mannsbunad, vår og haust<br>☐ Arrangere teaterkurs<br>☐ Arrangere kurs i husdrift<br>☐ Bunadnemnda er med i Nettverket som skipar til bunadkafe på MUST Stavanger museum ein torsdag kvar månad. Nemnda stiller som rettleiarar på fleire av desse kveldane<br>☐ Lage rettleiing til saum av blondestrimmel til bruk på lua til kvinnebunaden |
| Eit synlegare ungdomslag | ☐ Gratulere jubileumslaga på facebook<br>☐ Synleggjere Sommarteaterskulen på heimesida og facebook<br>☐ Oppdatere årshjulet for lokallaga på nettsida<br>☐ Feire Hulda Garborg sin 160 årsdag og "VÅR DAG" ved å |

| | |
|---|---|
| | arrangere samtalekveld om bunadbruk på Garborgsentret<br>☐ Arbeida for å få prosjektet “Huset i Bygda” til Rogaland fylke.<br>☐ Bunadnemnda skal låna ut ein kvinnebunad frå Ryfylke si utstilling på MUST<br>☐ Bunadnemnda planlegg å ha med fire hovudplagg på utstillinga til Norsk Folkedraktsforum som skal turnere rundt i landet i 2022-2023. Nemnda vil også delta på opninga av utstillinga som skjer i samband med årsmøte i Norsk Folkedraktforum på Stiklestad i mars.<br>☐ Bunadnemnda vil ha utstilling på Handverksmessa til BUL Stavanger |
| Eit smartare ungdomslag | ☐ Tilby “førstehjelp” i hypersys på Teams<br>☐ Bunadnemnda har gjennom åra frå 1980-talet opparbeidd ei betydeleg modellsamling; bunadplagg som er referanseplagg når nye bunader skal syast. Det er også laga fire bunaddokker med miniatyrbunader til bruk i formidling. Nemnda vil gjennomgå samlinga og verdsetta objekta. Me vil også rydda og ordna i mønster og anna arkivmateriale knytt til utarbeiding av bunadane. |
| Nettverksbygging og samarbeid med andre | ☐ Invitere sentralleddet til eit arrangement i fylket<br>☐ Delta på Landsmøte og landsrådsmøte i NU<br>☐ Halde kontakten og samarbeidet med SAFFRO<br>☐ Halde ved like kontakten og samarbeidet med Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder UL<br>☐ Samarbeidsavtale med Sandeid UL om Sommerteaterskule<br>☐ Samarbeid med Rogaland Mållag<br>☐ Samarbeid med Folkemusikkarkivet og Ryfylkemuseet<br>☐ Samarbeid med Nasjonalt Garborgsenter<br>☐ Samarbeid med Huset i Bygda. |